



DS STORD bakkar ut og er klar for rute til Bergen på årets Fjordsteam.

**Med slag i skipsklokka og tut i fløyta seig DS STORD 1 frå kai i Rosendal i dag kl. 11. Knappe 40 passasjerar var på plass og med dei som kjem til på Tysnes, vert talet i overkant av 50 på seglasen til Fjordsteam i Bergen. Av ombordstigande gjester finn vi Ove Magne Myhre frå Uskedalen. Innseglinga på Byfjorden og Vågen med parade er frå kl. 18 i kveld. Meir enn 70 farty er påmelde til veteranskipsfestivalen denne helga.**

DS STORD 1 gjekk i rute frå Bergen i går og kom til Rosendal på ettermiddagen. I god tid før avgang kl. 11 i dag var mykje folk samla på kaien, nokre som passarsjerar, nokre bubilgjester og andre dampbåtinteresserte personar. Turen til Bergen er rekna til fem timar. Det er påstigande passarsjerar på Malkenes og på Våge. Det er servering om bord og det vert høve til å få sjå seg omkring på fartyet.

Ove Magne Myhre gler seg til turen. Han er oppvaksen med båt og var mykje med foreldra sine på sjøen frå han var liten gut. Bestefaren, Mikkjel Myhre, var med på råstoffarten som førar på skuter tilhøyrande hermetikkfabrikken på Beinavikjo. Ove ser fram til å få koma i maskinrommet og sjå maskin, kjele og andre tekniske installasjonar.

Håkon Røssland, tidlegare entreprenør, har alltid hatt båt. Han er meir enn mange interessert i dampdrivne farty og livet om bord. Håkon er godt kjend langs leia og er ei levande kjelde med sine lokalkunnsapar.

Fleire uskedelinger er på veg til Fjordsteam i morgon og vil ta del i markeringa med føredrag og skipsbesøk.

Harald Sætre er som vanleg ein sentral person med ny bok og medhjelpar på informasjonskiosken. Han er sett opp med eit føredrag laurdag kl. 14 ombord på DS HESTMANDEN. Tittelen er: Dei kom tilbake - veteranferjer og fjordabåtar i Hordaland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal.



Ove Magne Myhre og Håkon Røssland på shelterdekket, to av totalt 50 passasjerer på turen til Bergen i dag.